

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 4

Fylke: Opland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Etnedal

Emne: Baking

Bygdelag: "

Oppskr. av: Lærar Martin Lundstein

Gard: Fosheim

(adresse): Bruflat

G.nr. I3I Br.nr. II

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

I

Korn har nok vore male på handkvern her, men ikkje på minst 100 år. Det finst handkvernar i bygda, soleis ei i Hovde, ei i Solbjör, og vist på fleire stader og. Dei blir ikkje brukte til anna no enn um sør, til å mala salt på til slaktinga. Bygda har hatt mange bekkjekverner,

men ikkje brukte no på umlag 50 år. Bygdamyllone blir no nytta av alle. Der får ein grovmale eller gröypt kornet til krötörmjöl, eller sammale til brödbakst eller sikta til kokemjöl eller finare brödslag. Bygdamyllone mel finare enn bekkjekvernerne sjölvsgagt. Til brödmjöl tek dei ikkje veggerand. Den lyst vera til såfrö og til siktjemjöl. Til omnsbröd(kakebröd), som det til daglig har vore brukt berre lite av her før i tida, nytta dei berre rugmjöl, stundom heimavla, men for det meste kjøpt.

II

Å sikte mjölet etter at ~~det~~ det er kome frå kverna har ikkje vore brukt her noko nemnande.

III

Det seiest atnymale mjöler betre a baka av enn gamalt.

Turking av mjöl i varmt rom eller sers namn på nymale mjöl, veit ein ikkje av her.

IV

Grön er samnavn for alle kornvokstrar. Difor talar ein om godt grönår eller därlegt grönår.

V

Her har alltid vore brukt at kvar bakar åt seg. Spurs-

2

mål frå andre bygdar etter bakstekonor, fordi dei var  
meir enn vanleg flinke, veit me ikkje av.

#### V - VI -- VII

Til kvardagskost var i gamal tid nytta som matbröd  
mest berre flatbröd av bygg- eller blandkorn og som  
oftast med poteter i, til kaffemat lompor av same slags  
deig eller vaffel, steikt av röre tillaga av saup eller  
mjölk, om dei hadde det, og slikt mjöl dei hadde for hand.  
Det same brukast den dag i dag, men no mykje i lag med ~~ha~~  
kakebröd-rugbröd, kjøpt eller heimbaka. Erterbröd er meir  
sjeldan, men bakast i blant av dei, som har høve til det.  
Til fest- og gjestebodskost brukar dei no tynt flatbröd  
av fint mjöl, omnsbröd (rugbröd) og lefsex, steikt av ~~deig~~  
deig tillaga av potet, rugmjöl og vatn. Til kaffemat  
goro og småbrödklining av mjölk og fløyte. Smult og ~~kvi~~  
kveitemjöl, fatigmann og mange andre slags kakor, og hjå ~~ha~~  
mange hardangerlefse, tillaga av mjölk, smult, sirup og  
enn dette siste  
kveitemjöl. Andre bröd- eller kakeslag med namn frå fra-  
mende stader har me ikkje her. Alle som hadde utkome  
med det brukte og brukar å ha ymse slags kaker og bröd-  
mat av litt finare slag å setja fram, om der kom uven-  
ta gjester, men noko samman på desse sakerne kjenner  
ein ikkje til. Mest var det fatigmann, klining, sandbakels-  
kels og strull, som vart nytta til slikt.

#### VIII

Glokake har me nok hørt gjete, men veit ikkje av at dei  
har vore tillaga her i bygden

#### IX

Meir enn two slags flatbröd kan me ikkje seia at me  
kjenner til her. Det er vanleg flatbröd til daglegkost,  
og tynnbröd, helst av fint mjöl, til gjester og fina-  
re bruk. Skil på brödet til husbond og tenrarar har det  
ikkje vore, det ein veit. Handverkarar, som frå gamalt  
skulde ha lidt finare kost enn andre arbeidsfolk (eta  
i kammerset t.d.) fekk so vidt ein veit, same slags bröd  
som nine.

x<sup>2</sup>

Knekabröd er ukjent her.

xi

Både før og etter det er steikt.kallar dei her eit ~~ferdi~~  
ferdigbaka flatbröd ein leiv.orDET ~~nyttast~~ aldri om ~~et~~  
ei omnsbrödskive.Den kallast ei kakuskive eller no ~~mykj~~  
mvkje attåt ei brödskive

xii

Lefse lagar ein her til högtidene,til gjestebodskost  
og til nistemat,mest aldri til dagleg bruk.Berre ei  
slags lefse er kjent her.Ein finstöyter kokt potet  
i eit trog(no helst male i ei kjötkvern two gonger)  
spedes kanskje op med lidt vatn,knar det saman med ~~rug~~  
rugmjöl,kjevlar det ut og mjuksteikjer ho på takka  
so ho fint kan leggjast saman.Når ein lagar lefse ~~klini~~  
klining,som er rekna for god kaffemat,so breier ein  
ut ei lefse i full breid på bordet,kliner so overalt  
ein graut tillaga av mjölk,smör,fint prim,helst ~~geit~~  
~~sukker~~  
teprim~~vog~~ kveitemjöl,so breier ein ut ei lefse ovanpå  
den,smör graut på den og.Sø ei ny lefse på den att,  
so det blir ein 3dubling(eller ein 4dubling om ein vill  
vill)So skjer ein den op med ein bordkniv i firkan-  
ta stykkje pålag 8cm.breie .g 15 cm lange.Slike kliningar  
ningar set ei bondekone fram om det so var for sjölv-  
ve kongen.

xiii

Lefsa blir bretta saman frå two sider,so frå dei two ~~mot~~  
motsette sidor ,slik at det blir ein kvadrat.flatbröd ~~so~~  
som skal vera til seterbröd eller niste likeins.Brö-  
det lyt brettast på takka,lefsa helst likeins.Brödet le-  
legg ein gjerne farg på sjeldan på lefsa.  
xliii - xv

Korleis dei fekk gjær frå fyrst av,veit vist ingen,  
truleg frå ölbryggjing.Ei bakstekone her trur ikkje at ~~de~~  
dei kunne skaffe seg gjær ved å setja burt deig å la  
han surna av seg sjölv.Gjær gjöymde dei i gamal tid ~~på~~

på ddet vis, at dei tok ein bit av deigen, som dei baka av og gjöymde i eit kjerad med rugmjöl i. (surdeig) eller dei kunne la han turke saman i eit fat til.d. Den kalla dei evighetsgjær, som dei löyste op i lunka vatn eller mjölk, når han skulde brukast. Det var mange ~~sem~~ som lånte gjær. Men at det skulde hende ei viss tid på dagen, veit me ikkje av her.

## xvi

Dei såg på deigen om han var gjæra, seier bakstekona. Elles rispa dei i deigen og held ei brennande fyrstikke ned i. Slokna ho med same, var gjæringa ferdig. No brukast mykje omnsbröd til niste og dagleg, helst ferskt. För vart det nok ofte gamalt, men brukt likevel.

## xvii

Der var same framgangsmåte enten ein baka med surdeig eller gjær. sovidt ein veit. Steikingstid vanleg ein time eller lenger, om det trongst. ikkje vanleg å vate brödet med vatn i omnen, men sume smurde dei over med feit.

## xviii

Hart gjæra bröd, kamkake eller sliktkjenner me ikkje til.

## xviii

Steiking av omnsbröd gjekk alltid for seg i kjökkenet. Sumestads var det ein firkanta opning inne i peislaet, som dei elda op med småved og so sette brödet inn i til steik. Dei som ikkje hadde slik, steikte som oftast millom two takkar, den eine ovanpå den andre med eit millomrom på 6-8 tommar. So brende dei under den nedste og oppå den øvste, so både vart heite, og brödet vart soleis steikt mellom takkorne. Dette gjekk fint og greit. Dette var alt so för folk fekk komfyrar.

## xx

Det vanlege var at kvar baka hjå seg sjölv. Man hadde dei ~~ikke~~ höve til det, gjekk dei stundom til grannen og fekk steikt. Betalte aldri noko for slikt.

## xxi

Det var berre få, som hadde steikerom i peislaet, som nemt i xviii. Nokon viss vedmengde eller rådgjerder om omnen var for varm eller kald, veit ein ikkje av.

## xxII

Dei var vist aldri nöye med om bakaromnen var rein etter  
eldinga. Ei fille på ein stav bruktest mest til å sope  
ut rusket. Veit ikkje av at dei la noko under brödet  
når det skul ø steikjast.

## xxIII

Ettervarmen i steikerommet bruktes til vedturking.

## xxIV

Sjå under xvIII. Brödsteiking i gryte er ukjent her.

## xxV

Grisling av heimbaka omnsbröd veit ein ikkje av ha vore  
brukt nokonstad her.

## xxVI

Brödmat, som er kokt höyrer ein aldri um no, men vell i  
gamall tid. Bestemor født 1807 laga ofte mysukaker, kaka  
laga av mjölk og godt bygmjöl, snaut ein finger tjukk,  
og i vidd som ei kaffeskål, vart slept ned i kokande my-  
su og kokt der i 10 - 15 minuter.

## xxVII

Flatbröd kan ein gjöyme halve eller heile året. Dei blir  
lagde oppå einannan i ei hög stöe på eit bord på stabu-  
ret. omnsbröd og kaker i trekiste spenn eller box i kjæ-  
laren i 2-3 veker etter som kjellaren er.

## xxVIII - xxx

Annan pryd på kakornre enn på julekakor til borna veit  
me ikkje av her. Figuren som då vart nytta, var vanleg-  
vis ein hane. Slike kaker var gjerne mindre enn andre  
men av same slags deig.

## xxxI

Lompe av potet og mjölk, gjerne rug um dei hadde, har vore  
og er mykje i bruk til kvardagskost, mest atåt kaffen.  
Mange laga slike når dei var oprådde for bröd, kunne gjy-  
mast til dei tok til å mugna.

## xxxII

Lovedeig? Har höyrt navnet, synes minnast han skal ha  
vore brukt til å doktera med

## xxxIII

Av jarnbröd er vaffel og gorobröd mest brukt, vaffel  
mykje atåt til kvardags, men gorobröd/steikte av fløyte

og kveitemjöl til gjestebodskost. Det er vandt å få ~~vær~~  
tak i gode gorobrødjarn. Anton Jehanssveen her i  
~~å gjera~~  
Etnedal greier ~~det~~. Han har fått Ipremipå utstilling  
for slike. Krydd nyttast ikkje. Nödbröd eller surrogat  
gat for bröd har ikkje vore nytta her i mans minne.

#### xxxIII - xxxV

Borkemjöl har ikkje vore nytta her i manns minne.  
so vidt ein veit ikkje sidan „nödsåri“ frå 1800 og  
utover. I ufredstidene og våri dentid skulde det vore ~~mykje~~  
mykje brukt her og. Det var furubork dei nytta, turka og  
ka og mol, fordetmeste på handkvern.

#### xxxVI- xxxVII

Borkemjölet vart nytta saman med anna mjöl mest til ~~flat~~  
flatbröd, men også til velling og graut. Å nytte det ~~van~~  
utan å blande noko i, gjekk vist ikkje an. Elles veit ~~van~~  
vanlege folk ikkje no korkje mykje det var brukt av ~~dette~~  
dette eller korleis det verka som næringsmiddel.

#### xxxVIII - xxxVIIII

Det seiest at sume brukte kvitmose, reinsmose.  
Mange vilde den tid, ettersom det fortelst, ha det  
til at denne skulde vera betre enn borken og at  
det var helsesamt. Korleis smaken var, eller kva dei ~~tykte~~  
tykte om det i den leid, seiest det ikkje noko um.  
Beinmjöl og andre surrogat har me ikkje nøyrt om.

#### xxxx -xxxxI

Anna enn kvitmose, reinsmose veit ein ikkje av ha  
vore nytta i mjöl her. Islandsmose (brödmose) har  
sume nytta mykje til grisefør mest no i krigsåra.  
Beinmjöl veit ein ikkje av ha vore nytta anna enn  
til hevd.